

Utgreiing om samfunnsansvar Sjukehusapoteka Vest HF (SAV)

Dato 13.3.2025

Gjennom eigarskapsmeldinga St.6 (2022-2023) stiller staten krav og forventningar til at verksemdar eigd av staten er leiande i arbeidet med ansvarleg verksemd. Staten sitt mål som eigar er at verksemdar i spesialisthelsetenesta har ei berekraftig drift og er mest mogleg effektiv i arbeidet med å oppnå helsepolitiske mål. Eigarskapsmeldinga inkluderer ambisjonar, mål og strategiar innan sosiale tilhøve, miljø og økonomi.




Figur 1 Statens forventningar til selskapa.

Verksemda i SAV

SAV skal sikre sjukehusa i Helse Vest legemiddelforsyning av høg kvalitet og til rett pris. Vi skal bidra til rett og trygg legemiddelbehandling på systemnivå og til pasient. Vi skal gjere dette ved å nytte farmasøytisk kompetanse, både i det kliniske teamet rundt pasienten, i legemiddelforsyning og i kvalitetssikring av legemiddelhandtering på sjukehusa. SAV skal sikre produksjons- og forsyningsberedskap og bidra til at pasienten sin legemiddelterapi ved utskriving vert oppretthalden utan avbrot. Nokre oppgåver, som til dømes innkjøp, blir koordinert av nasjonale selskap som dei fire helseregionane eig saman.

Organisasjonskart

SAV blir leia av eit styre og har ein administrasjon som held til i Bergen. SAV har om lag 350 medarbeidarar. SAV eig og driv sjukehusapotek i Bergen, Stavanger, Førde og Haugesund. Apoteka ligg i lokala til sjukehusa i regionen.



Figur 2 Organisasjonskart Sjukehusapoteka Vest.

Utgreiing

Sosiale tilhøve

Menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve

Lover og sentrale føringar:

Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (åpenhetsloven).

§ 4 Plikt til å utføre aktsomhetsvurderingar

Lova pålegg informasjonsplikt og plikt til å gjennomføre aktsemdsvurderingar som skal vere tilgjengeleg i ein offentleg rapport.

§ 5 Plikt til å redegjøre for aktsomhetsvurderingar

Verksemda skal offentleggjere ei utgreiing som skal gjerast lett tilgjengeleg på verksemda si nettside.

SAV utgreiing:

Eigne medarbeidarar:

SAV har etiske retningslinjer som gjeld for styret, medarbeidarane i føretaket, også dei som er leigde inn, samt rutinar for handtering av varsling. Dokumentasjon er publisert (intranett, personalhandbok). Lønn og arbeidsvilkår er regulert i lov- og avtaleverk gjennom arbeidsavtalen til kvar enkelt medarbeidar.

<p>Leverandørar: Sykehusinnkjøp HF har ei sentral rolle for innkjøp av legemiddel og har ansvar for å følge opp menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i leverandørkjeda. Anskaffing og innkjøp, og samarbeidet med Sykehusinnkjøp, vert i SAV overordna handtert av økonomi- og IKT-avdelinga. SAV legg til grunn Sykehusinnkjøp sin policy for samfunnsansvar og handlingsplan for samfunnsansvar 2023-2025, samt Sykehusinnkjøp si utgreiing publisert på nettsidene til Sykehusinnkjøp. Den omtalar Sykehusinnkjøp si verksemd, aktsemdsvurderingar og tiltak i leverandørkjeda. Det er viktig at medarbeidarar i SAV kjenner til rammeverket for samfunnsansvar og at dei etiske retningslinjene til føretaket er godt kjend.</p>	
Vurdering av risiko	Tiltak
Ein vurderer at risikoen på dette området er låg sett ut frå dei barrierane og tiltaka som er omtala i rapporten.	<ul style="list-style-type: none"> • opplæring i etiske retningslinjer, og gjere kjend rammeverk for samfunnsansvar. • tett dialog med Sykehusinnkjøp for å sikre at avtalene inneheld krav og forventingar til leverandør om menneskerettar, etikk, osv. • nytte samarbeidsavtalar og arenaer som er etablerte med Sykehusinnkjøp.
Medarbeidarar og mangfald	
<p>Lover og sentrale føringar: <i>Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven).</i></p> <p><i>§ 26 Arbeidslivets organisasjoners plikt til å arbeide for likestilling</i> Arbeidsgjevarar i offentlege verksemdar, og private verksemdar med fleire enn 50 tilsette skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> - arbeide med likestilling og diskriminering gjennom ein lovbestemt metode, og kartleggje løn og ufrivillig deltid (aktivitetsplikt) annakvart år. - gjere greie for likestilling i årsrapport (plikt om utgreiing). 	
<p>SAV utgreiing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • SAV gjer årleg greie for arbeid med likestilling og mangfald, med utgangspunkt i mal godkjend av føretaksgruppa i Helse Vest. I SAV vert dette området overordna handtert av HR- og organisasjonsavdelinga. Rapporten vert publisert på nettsidene til SAV. • SAV legg vekt på, innanfor gjeldande lov og avtaleverk, likebehandling ved rekruttering, og arbeider med likestilling i føretaket gjennom lønn, arbeidstidsplanlegging, kompetanseutvikling og karrierebygging, uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, alder eller andre vesentlege tilhøve ved ein person. Føretaket legg gjeldande reglar for svangerskap, permisjon ved fødsel eller adopsjon og omsorgsoppgåver til grunn for verksemda. SAV er del av inkluderingsarbeidet i Helse Vest. 	
Vurdering av risiko	Tiltak 2024
Ein vurderer at risikoen på dette området er låg sett ut frå dei barrierane og tiltaka som er omtala i rapporten.	<ul style="list-style-type: none"> • samarbeide med NAV og bruke tiltak som Arbeidslivscoach, HelseArbeid og Ekspertbistand • bygge kompetanse

	<ul style="list-style-type: none"> o obligatorisk e-læringskurs <i>inkluderande rekruttering</i> for leiarar, tillitsvalde og verneteneste o opplæring i gjennomføring av medarbeidarsamtale og personalsamtalar, samt oppfølging av sjukefråvær • analysere fråværsdata og implementere målretta tiltak • jobbe for å behalde seniorar i arbeid <ul style="list-style-type: none"> o tema i medarbeidarsamtale o kompetansebygging i tråd med SAVs seniorpolitikk o vurdere stillingsstørrelse
Miljøtilhøve	
Klima, naturmangfald og økosystem	
<p>Lover og sentrale føringar: <i>Lov om årsregnskap (regnskapsloven).</i></p> <p>§ 3-3 c <i>Redegjørelse om samfunnsansvar</i> Føretak som er omfatta av lova skal lage ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale tilhøve, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, korleis ein overheld menneskerettar og kjempar mot korrupsjon og bestikking.</p> <p><i>Nasjonale klima- og miljømål for spesialisthelsetenesta 2022-2030.</i></p> <p>Ved utvikling av nye apotekareal nyttar SAV tenester frå mellom anna Sykehusbygg HF. Dei har eit særskilt ansvar for berekraftige løysingar, og vi legg til grunn Sykehusbygg sin miljøpolicy og Sykehusbygg si eiga utgreiing om aktsemdsvurdering publisert på nettsidene deira.</p>	
<p>SAV utgreiing: Verksemda i SAV kan i noko grad føre til ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet.</p> <p>SAV har eit system for miljøleiing som byggjer på ISO 14001-standarden. Miljøstyringssystemet blir oppdatert kontinuerleg og inneheld mellom anna miljøaspekt- og interessentanalyse. Verksemda arbeider systematisk med tiltak for å fylle nasjonale klima- og miljømål for spesialisthelsetenesta og har etablert miljøpolitikk og miljømål som støtter opp om dette. Leiinga sin gjennomgang blir gjennomført årleg, og det er i tillegg utarbeidd målsettingar og handlingsplan for miljøområdet. Indikatorsett blir følgt opp gjennom kvartalsvise statusrapportar og årleg medarbeidarundersøking.</p> <p>SAV samarbeider med dei andre føretaka i Helse Vest på miljøområdet gjennom regional miljøfaggruppe, på nasjonalt nivå med dei andre sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF.</p> <p>Helseregionane i Norge har felles avtale med legemiddelgrossist, der sjukehusapotekføretaka gjer innkjøp av legemiddel og andre apotekvarer. Gjeldande avtale vart inngått i 2021 med Alliance Healthcare (AHN) og vert omtala som G2021-avtalen. G2021-avtalen inkluderer krav til system for miljøleiing, for å sikre at krav som er lovpålagde blir handsama.</p>	

<p>Det er framover behov for å auke prioritet av miljøarbeidet i føretaket, mellom anna for medarbeidaropplæring og intern bevisstgjerung, men og knytt til reduksjon i bruk av eingongsutstyr og bidrag til reduksjon av kassasjon i legemiddelkjeda.</p> <p>Temaet naturmangfald og økosystem er ikkje direkte omtala i miljøstyringssystemet i SAV.</p>	
Vurdering av risiko	Tiltak
<p>Spesialisthelsetenesta har fastsett felles klima- og miljømål for perioden 2022-2030. Det er risiko knytt til måloppnåing både når det gjeld presisjon av indikatorar, men og samanheng med andre forventingar som er knytt til tenesta.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • følgje opp tiltak i handlingsplan etter leiinga sin årlege gjennomgang av miljøstyringssystemet, som reduksjon av reiseverksemd og redusere kassasjon. • utveksling av revisjon på miljøområdet med Sykehusapoteket HF (Helse Midt-Norge).
<p>Økonomiske tilhøve</p>	
<p>Skatt og førebygging av økonomisk kriminalitet</p>	
<p>Lover og sentrale føringar: <i>Lov om årsregnskap (regnskapsloven).</i></p> <p>§ 3-3 c <i>Redegjørelse om samfunnsansvar</i> Føretak som er omfatta av lova skal laga ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale tilhøve, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, korleis ein overheld menneskerettar og kjempar mot korrupsjon og bestikking.</p> <p><i>Eigarskapsmeldinga:</i> Selskapet arbeider systematisk for å førebyggje økonomisk kriminalitet som korrupsjon og kvitvasking i eiga verksemd og hjå leverandørar.</p>	
<p>SAV utgreiing: SAV skal sørgje for at anskaffingar skjer på korrekt og samfunnsansvarleg måte. SAV skal være pådrivar for etisk handel og miljøvennlege innkjøp. Aktuelle tema som er vurdert under dette området: <i>økonomisk utruskap, bedrageri, underslag og korrupsjon</i>. I SAV vert dette området overordna handtert av økonomi- og IKT-avdelinga.</p> <p>SAV legg til grunn regionale etiske retningslinjer som gjeld for føretaka i Helse Vest og nyttar dette som styrande dokument for arbeid med innkjøp og førebygging av økonomisk kriminalitet og anti-korrupsjon. SAV har ekstern revisor og føretaket har motteke rein revisjonsmelding dei siste åra. Styret får informasjon om dette arbeidet i samband med handsaming av årsrekneskapen.</p> <p>Ein del av arbeidet med å hindre økonomisk kriminalitet gjeld sikring mot misbruk av offentlege middel. Dette gjeld både forsøk på svindel frå eksterne aktørar og forsøk på økonomisk utruskap og underslag frå tilsette i føretaket. Føretaket sin fullmaktstruktur skal følgjast opp ved kjøp av varer og tenester. Dette kjem fram i SAV sitt system for forvaltning av organisasjon og fullmakt (ORFU) og i overordna fullmaktsmatrise. SAV har ikkje erfart misbruk av fullmakter eller økonomisk kriminalitet i egne rekker og har heller ikkje eksempel på svindel frå eksterne aktørar.</p> <p>Proessen for innkjøp er rollestyrt der fire auge-prinsippet skal førebyggje at medarbeidarar gjer anskaffingar til eiga vinning. Dette er integrert som del av SAV sitt styringssystem. Størst mogleg bruk av avtaleleverandørar er ei anna form for sikring mot misbruk. Ein stor del av anskaffingane som vert gjort av SAV består av legemiddel som blir levert av norske legemiddelgrossistar. Sjølv om</p>	

denne kategorien ikkje er angitt i Direktoratet for forvaltning og økonomistyring si høgrisikoliste (DFØS, 2022), har SAV vald å prioritere dette området grunna omfanget.

SAV samarbeider med dei andre sjukehusapotekføretaka og Sykehusinnkjøp HF om anskaffing av grossisttenester på vegner av dei fire helseregionane. Det vert utarbeidd konkurransedokument for kva grossisttenester skal innehalde og kva krav ein skal stille til leverandøren. Krava er inkludert i G2021-avtalen.

Aktivitetar og innkjøp gjennom grossistavtalen, G2021

Nasjonal grossistadministrasjon følgjer opp G2021-avtalen på vegner av dei fire regionale helseføretaka, med tilhøyrande sjukehusføretak og sjukehusapotekføretak. Sjukehusapoteka HF er ansvarleg for drift av grossistadministrasjonen. Finansiering av stillingsressursar er definert etter ein fordelingsnøkkel mellom sjukehusapotekføretaka.

Oppfølging av G2021-avtalen er eit prioritert område, då det er knytt ein generell risiko til at vår primære leverandør er ein grossist med mange underleverandørar. Avtalen omhandlar også varer og tenester ein forbind med risiko for negativ påverknad, sidan dei er resultat av globale og komplekse produksjons- og verdikjeder. Dette gjeld særskilt for legemiddel, kjemikalier, handelsvarer til apotek og transporttenester.

Ein vurderer påverknaden, gjennomslagskrafta og posisjon til forhandling for sjukehusapotekføretaka som stor, då vi forvaltar G2021 på vegner av dei regionale helseføretaka. Gjennom krav i G2021 har sjukehusapotekføretaka lagt forventningar til arbeidet med samfunnsansvar hjå avtalegrossist.

G2021-avtalen inkluderer krav til system for miljøleing og systematisk arbeid for å sikre lågast mogleg belastning på det ytre miljøet. Avtalen inkluderer også vedlegget «Etiske krav til leverandør» som tar vare på leverandøren sitt ansvar knytt til menneske- og arbeidstakarrettar i eiga verksemd og hjå leverandørane. Avtalen spesifiserer blant anna krav til ansvarleg leverandørkjede, lovverk og standardar som skal overhaldast, samt aktuelle punkt for oppfølging av arbeidet. Ein vurderer arbeidet dei gjer no som tilfredsstillande i høve til sjukehusapotekføretaka sine krav og forventingar. AHN er omfatta av åpenhetslova, og lova sine aktsemdsvurderingar blir viktige for eit samla risikobilette av legemiddel- og råvareinnkjøp i spesialisthelsetenesta.

Anskaffing av legemiddel

Anskaffing av legemiddel *utanom* G2021 vil ha same risikovurdering.

Legemiddelselskap er ofte avhengige av svært komplekse forsyningskjeder som omfattar mange leverandørar over heile verda. Overvaking av arbeidsvilkår er difor avgrensa, noko som utgjør ein risiko for brot på menneskerettar i land med låge kostnader. Der er arbeidsstyrken billigare og handheving av forskrifter knytt til arbeidsmiljø og tryggleik er ikkje tilstrekkeleg. For å adressere slike utfordringar er innkjøpssamarbeid og styrking av forhandlingsposisjon til påverknad blant dei viktigaste tiltaka. SAV samarbeider tett med Sykehusinnkjøp HF og deira arbeid med ein ansvarleg og robust legemiddelstrategi. Blant anna freistar ein å samarbeide med dei andre nordiske landa for å få auka gjennomslagskraft på legemiddelmarknaden. Les meir informasjon om legemiddelstrategien og arbeidet med samfunnsansvar her: [Legemiddelstrategien i Sykehusinnkjøp](#).

Regionale avtalar om kjøp av tenester i regi av Helse Vest

Som del av å sikre eige sørgje-for-ansvar inngår Helse Vest avtalar med leverandørar av helsetenester. For avtaler som blir inngått i regi av Helse Vest er det Helse Vest sitt ansvar å gjere

vurderingar. Alle avtaler som Helse Vest inngår om kjøp av helsetenester inneheld avsnitt om krav til løns- og arbeidsvilkår og etikk. For ei vurdering av Helse Vest si etterleving av krav til å ta vare på menneskerettar og mangfald, viser vi til [Helse Vest si utgreiing om samfunnsansvar](#).

Det er SAV sitt ansvar å gjere aktsemdsvurderingar for innkjøp som blir gjort *utanfor ein gjeldande innkjøpsavtale*. Rutinar for utføring av aktsemdsvurderingar av ikkje-avtale-leverandørar må utarbeidast og innførast i føretaket. Leverandørregisteret blir forvalta på tvers av føretaksgruppa av Helse Vest IKT, kor det er mogleg for alle brukarane i SAV å melde inn nye leverandørar. Det blir arbeidd med endringar i kva kontrollfunksjon eininga skal utøve før ein ny leverandør kan registrerast i felles ERP-system.

I arbeidet med utgreiinga har SAV gått gjennom historikk for innkjøp (over 100 000 kr) og finn at vi i stor grad nyttar regionale avtalar, men gjennomgang viser at vi må arbeide med å få på plass fleire avtalar som gjeld for SAV. Dette gjeld særskilt innkjøp til produksjonseiningane der arbeidet vert gjort i samarbeid med Sykehusinnkjøp. Det pågår kartlegging med omsyn til å anskaffe avtalar innan utstyr til produksjon for dei største leverandørane.

Vurdering av risiko	Tiltak
Ein vurderer at risikoen på dette området er låg sett ut frå dei barrierane og tiltaka som er omtale i rapporten.	<ul style="list-style-type: none"> • arbeide med etterleving av innkjøpsavtaler. • sikre opplæring og kunnskap om innkjøpsregelverket. • bidra inn i anskaffingsprosessar i regi av Sykehusinnkjøp • sikre rutinar for aktsemdsvurdering ved innkjøp utanfor avtale. • sikre samarbeid med Sykehusbygg om utvikling av apotekareal.

Tiltak for å stanse, redusere og førebygge

Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar gjennom våre aktsemdsvurderingar. Tiltak som er identifisert vert følgd opp gjennom etablerte prosessar for dei ulike områda.

Signatur

Bergen, 13.03.2025

Administrerende direktør

Tonje Folkvang

Styret

Helge Torgersen styreleiar	Arve Varden nestleiar	Clara Beate Gram Gjesdal styremedlem
Helle Kristine Schøyen styremedlem	Anders Hovland styremedlem	Ina Nikoline Wille styremedlem
Espen Frøvold styremedlem (tilsettrepresentant)	Mona Engelund styremedlem (tilsettrepresentant)	Eszter Albers-Køvendi styremedlem (tilsettrepresentant)